

RAGNHILD FURHOLT | LEIV SOLBERG | BIRGER MISTEREKKEN



«LÅN MEG VENGJENE»

MED EITT UNNATAK, er alle melodiane på denne cd-en nedteikningar av Ludvig Mathias Lindeman (1812–1887). Visa om *Hagbard og Signe* har O. M. Sandvik (1875–1976) skrive ned etter Svein Tveiten frå Hovden i Setesdal i 1919.

Eg dukkar i fortida. Eg er offensiv på mytane, mystikken – på det som ikkje er openbart i gamle forteljingar og gamle melodiar. Korleis tenkte menneska før, og kva er det som gjer at segner, myter og viser framleis lever og gir meinung? Derfor er det svært viktig for meg å gripe fatt i og få fram gamle, vakre, særigne melodiar til desse visene – viser som elles har stor utbreiing både i Noreg og Norden elles. Truleg blei ein del av dette materialet fortrentg av den sterke nystevtradisjonen i Setesdal på 1800-talet, og gledeleg var det å finne to – for meg ukjente – gamle stevtonar.

I året 1861 reiste L. M. Lindeman med hest og kjerre frå Kristiansand og nord igjennom Setesdal. I april året før hadde Stortinget tildelt han eit stipend på 300 Spd. årleg for å samle og gi ut folkemelodiar. Lindeman hadde tidlegare vore mest opptatt av å samle salmetonar for å lage ei ny norsk salmebok, men på denne tida var mange av innsamlarane – både her heime og elles i Europa – på jakt etter dei songane som hadde høgst alder. Dei visene som ein kunne relatere til mellomalderen, «dei eigentlege folkevisene», hadde høg status. Tanken om ein tidlegare idealtilstand – «gullalderen» – var sentral hos nasjonalromantikarane, og derfor er det ikkje uventa at ein finn mange av dei såkalla mellomalderballadane i Lindeman sitt materiale.

Lindeman samla inn i alt 166 melodiar i Setesdal. Han møtte fleire av kjeldene sine på ein skysstasjon på Åkhus i Bygland. Eigaren, Daniel Grundeson Åkhus (1822–1892), hadde to brør som var kvedarar. «*Ludv. M. Lindeman stoppa lang ti paa Aakhus aa fek folk i bygda te tralle, kvede aa synge gamla tonor, som han sette ne paa nota, so spila han det etterpaa paa eitslags orgel han ha mæ seg.*» (Eivind Danielsson Aakhus (1854–1937), *Åttesoeg s. 33*), (Røynstrand, Åse 1984: Ludvig Mathias Lindeman. *Samlarferd 1860 og 1861*)

Eg har forsøkt å gi melodiane eit levande folkemusikalsk uttrykk, og lagt den songstilen eg har tileigna meg frå Agder til grunn for tolkingane. Det blir likevel ein del gjettingar både tonalt og rytmisk når ein arbeider med eit notemateriale som har blitt «pressa inn» i eit nedteikningssystem som på mange vis er lite eigna for folkemusikk.

Dei fleste songane er bare nedteikna med ei tekstleg strofe, og derfor har eg måtte bruke andre variantar for å gi visene eit heilskapleg innhald. Mange av balladane er prega av at dei opprinneleg er skrivne på dansk. Ein veit at den danske viseboka til Peder Syv frå 1695 som på folkemunne blei kalla *Tvhunder-viseboka* eller *Kjempeviseboka* var i bruk frå slutten av 1700-talet hos mange kvedarar. Desse visene har igjen gått over i munnlege former, og er derfor ofte ei blanding av dansk og dialekt. Når denne blandinga blir skriven ned av ein innsamlar som ikkje kjenner dialekten – og vidare sunge av ei som er vaksen opp midt mellom Danmark og Setesdal – må det nødvendigvis bli noe fantastisk, eineståande nytt, «setesdansk!»



Ragnhild Furholt er vaksen opp i ein folke-musikkfamilie frå Vest-Agder. Faren Halvdan spelar fele, og det same gjorde onkel Otto. Songen har ho lært frå eldre kjelder i begge Agderfylka. Songen hennar er framifrå vakker og uttrykksfull, samtidig som ho berer med seg ein gamal songstil som er sjeldan å høyre. Framføringane er likevel prega av spenstige arrangement og samarbeidet med Leiv Solberg og Birger Mistereggan.

Ragnhild har tidlegare gjeve ut platene *Segner syng* (1997) som fekk Spellemannspris og *På alle strengjer* (2001). Ho har også vunne Lands-kappleiken i kveding fire gonger.

Ragnhild Furholt comes from a Vest-Agder family devoted to traditional music. Her father, Halvdan, plays the fiddle, as did her uncle Otto. She learnt singing from older sources in the two Agder counties. Her voice is exceptionally beautiful and expressive, while her singing style is very old and rarely heard today. Her performances are distinguished by inventive arrangements and collaborations with Leiv Solberg and Birger Mistereggan.

Ragnhild's previous releases are *Segner syng* (1997, winner of the Norwegian Spellemann award) and *På alle strengjer* (2001). She has also won the national championships for traditional singers four times.

LÅN MEG VENGJENE, barnereggle

Skure liten Spikkje (Spurven)
kan du kje laane meg Vængjine,
kaa vil du mæ Vængjine,
eg vi ut aa fjuke,
kaa langt vi du fjuke,
nor ivi Heiane,
der site Mojane
spinne Gull i Løjane (Løjgarn)
der site Frugune
sojmar Gull i Huvene,
der site Nunnine
sojmar Gull i Tunnine,
der æ got aa vere
der æ ingje Væte,
der vækse Lauken
der gjæle Gaukjen,
der vi eg paa Liv og Døi
Unde Hadden i Øi.

(Skar III s. 228 siste linje:
der e gama bå liva å doy
Der nor unde Hallands øy.)

Etter Olav Grundeson Aakhus (1835–1910),
Bygland

Saag eg meg pi Himla
saag eg tolv Faala ringla
tok eg meg den bruni
han bar meg væl or Tuni,
tok eg meg den blakji
han bar meg 'pyv' ein Bakji

tok eg meg den kviti
saa dat han ni ei Dikji;
Rei eg meg ad Rosenlund,
rei eg paa ein stubutte Hund,
møt eg son hass Tutar
ba eg vi gjæte Jeitann,
Far sit ti Løpsvold (Loftsvalen)
tutar i Buk-on (Bukhorn)
han ga meg ei Kvige,
kund kje Foten stige,
han ga meg ein Sau
vil han kji leva saa laag han dau.

Etter Gunnar Kristenson Frøisnæs (døpt 1/1 1800
i Åseral, død 1877), Bygland

Ragnhild: Vokal
Birger: Vibrafon
Arr: Furholt, Mistereggan, Solberg

GJENKJENDELSEN

Visa er også kjent fra Danmark og Sverige,
og er bl.a trykt i ei dansk visebok i 1860.

En stjerneklar Aften i Rosandelund
vi spaserede blant Blomstrene skjonne
jeg var saa forundret stod stille en Stund
of hørte paa nattergal stemme.

Da pluds'slig fornam jeg en kvindelig Røst,
Som sang med henrykkende Stemme;
Den Stemme kom fra et saa ynkefuldt Bryst;
En Jomfru jeg fandt i det Grønne.

Hun sad tæt ved Søen med Blomster i haand,
Og saae op til Himlen og sukked:
«O naadige Fader! Du lindre det baand,
Som ligger saa tungt paa mit Hjerte.

Min Fader er druknet udi dette Vand,
Min Moder hun sørger saa saare;
Derfor maa jeg leve saa eenligen hen
Og følde de modige taarer.

En Elsker jeg havde, som ogsaa forsvandt,
Hans Fader det ei kunde lide;
Thi sendte han hannem til fremmede Land,
For os fra hverandre at vide.»

Jeg stod da lidt stille, betenkende mig;
Mit Blod randt med stærkere Varme:
«O yndige Lise! Saa er det da dig?
Kom hid i din Ludvigs Arme!»

Nu blev da den Jomfru saa inderlig glad,
Og jeg ikke mindre tillige;
Min Længsel var stillet, og udfyldt mit Savn;
Jeg fandt jo min elskede Pige.

Første vers og melodi etter John Olson
Langerak (1834–1910), Bygland
Ragnhild: Vokal
Birger: Perkusjon
Leiv: Mandola og kontrabass
Arr: Furholt, Mistereggan, Solberg

JEG LAGDE MIG SAA SILDE

Denne visa har vore mykke sungen her til lands.
Det eldste manuskriptet er frå 1573 frå ei hanskriven
poesibok til ei ung dansk adelsdame.

Jeg lagde mig saa silde og seit um ein Kveld
jeg vist mig ingin Kvide at hava
saa kom der eit Brev ifra Kjæresten min
at jeg til hende skulde komma.
-Tvunget haver Elskoven hende-.

Jeg gik mig med il udi stalden ned
og klappede grå gangaren på bagen;
jeg lagde på hannem sadlen af sølv,
og bidslet, med guld var beslagen.

Og alle de fugle, i skovene var,
de gjorde mig så stor en mode;
for alt det de kvidred og alt det de kvad,
de sagde, at min kjæreste var døde.

Og som jeg mig kom i grønnen eng,
der hørte jeg de klokker ringe:
ikke andet jeg vidste, ikke andet jeg fornam,
end mit hjerte itu monne springe.

Jeg ilede mig op i høienloft,
som jeg pleied let stedse at gjøre;
der stander de jomfruer alt udi flok
at klæde min kjærest til døde.

Jeg klappede hende på hviden kind,
som før var så rosende røde:
Herre Gud bedre mig fattig ungersvend!
her finder jeg min kjæreste døde.
-Tvunget haver elskoven hende-.

Første strofe og melodi nedteikna etter Jorann
Jonsdotter Frøisnes (1805–1902), Bygland

Ragnhild: Vokal
Leiv: Mandola og kontrabass
Arr: Furholt, Solberg

GREV GUNCELIN

I den danske viseboka til Anders Sørensen Vedel
Hundredevisebog frå 1591 står dette:
«Om Greffue Guncelin. Huorledis hand slog
Tileuentin ihel, Oc offuervant herr Iffuer Blaa,
oc Fick hans Syster Salenta, oc giorde siden
et merckeligt Kempe Bryllup met hende.»

Visa handlar om Greven for Guncelin som vil ri ut for
å freiste manddomen sin. Han får låne ein hest av
mor si med overnaturlige eigenskapar. Greven møter
først Timitroll (Tileuentin), og drepp denne kjempa.
Deretter møter han Kallen den blide (Iffuer Blaa), men
då ingen har greidd å vinne kampen etter tre dagars
strid, blir dei einige om å slutte fred og gje kvarandre
søstrene sine for ekteskap. Til bryllupet blir fleire
kjemper inviterte, og den gamle Grenjehetta skal vere
brurekvinne. Ho ét og drakk umåtelege store mengder
før ho begynner å slå 15 av gjestene (kjempene) ihel.
Då ho prøver seg på Vidrik Verlandsson går det galt.

Han hogg først ihel Grenjehetta, og deretter går han laus på sonen hennes – den minste Mimring – med bare knytenevane. Visa sluttar med ein «ædeleg dans» blandt dei gjestene som framleis er i live.

Det kan sjå ut som om Guncelin bare er eit utgangspunkt for å få ei skildring av ein forferdeleg slosskamp blandt kjemper. Visa har også av noen blitt sett på som ein parodi på kjempevisene.

Det var Greve Herr Guncelin
han taler til Moder sin
Jeg vil ride mig op paa Land
og friste Manddom min.
–Vel op forre Dag vi komme vel over den Heja–

De va Greven for Guncelin
han rei seg framte med volli
den første kjempa han møtte der
de kadda dei Timi trolli.

Eg helsar deg du Timitrodd
hori heve du legji i natt
mæ dine hendar æ umskapt'
Og hoggjen og skoten dinhatt.

Under Brattingens borg der låg eg i natt
hos mitt vene viv
forutta Valivan kongjen
å greiven for Guncelin.

Dei stridde i dagar, i dagane två
den trée dagen ti endes
og ingjen av dei raske kjempor
kunde nogen skaden fange.

Og ville du give mig søsteren din
alt både til glede og gaman
så vilde jeg give deg min igjen
og drikk vårt bryllaup med sama.

De va greiven for Guncelin
han ville inkje late seg vinne
han bau de gamle Grenjehetta
alt til sin brurekvinne.

De va den gamle Grenjehetta
ho kom i stoga inn
der bliknar brur og brugom
Alt unde skarlagskinn.

De va den gamle Grenjehetta
ho begynde til at hoppe
her får ingjen føtar fram
Fyr dessi døe mannekroppar.

Der kom i så ædeleg ein dans
uppå golvet at slette
den minste Mimring i dansen va'
va' femten alner til knetti.

Første strofe og melodi er nedteikna etter
John Olson Langerak «Jo Søbø» (1834–1910),
Bygland. Resten av strofene er tatt får den lengste
norske versjonen som er nedteikna etter Jorunn
Bjønnemyr i 1863, Mo i Telemark.

Ragnhild: Vokal

Birger: Vokal, munnharpe og perkusjon
Leiv: Akk.gitar og el.gitar
Arr: Furholt, Mistereggen, Solberg



VENERUS

Denne naturmytiske visa handlar om Venerus si bortføring av Gullbjørg. Under flukten møter dei bror til Gullbjørg – falske Pål greve – som melder frå til far deira og festarmannen hertug Nilson. Mens Venerus og Gullbjørg hygger seg som aller best i «rosann lunn», hører dei lydene frå hester og stålkleddde menn. Gullbjørg gøymer seg høgt oppe i eit eiketre. Venerus får overnaturlege krefter og kjemper «til knes i manneblod» – til alle menn er døde.

Aa Venerus han tener i Kongens Gar
i nie Vintra aa eit Aar
–du var den, du var den eg hæv tinga i min
Ungdom–.

Å høre du Fru Gullbjør ko eg spyre deg
vil du kji av garde burtrie med meg.

Meg voktar hertyg Nilson min festarmann,
det meste eg frygtar, det e fyr han.

Venerus stelti sin foli so spak
so sett an fru Gullbjør uppme seg bak.

Høyre du Venerus ko eg spyre deg
kor heve du stole den du heve med deg?

Fru Gullbjør, du tar inkji skyggi' unde skaut
eg kjänner so vel dine augu tvau.

Her sit du hertug Nilson, drikke mjø å vin,
å Venerus rie burt med festarmo din.

Å Venerus hogg' i den fyste skari,
då falt hendes brødre å hendes fader.

Å Venerus hogg' i den aire flokk,
då fald hertug Nilson med sin gule lokk.

Venerus han hoggi' ti han gjoris mo,
han sto ti knes i manneblo.

Gullbjør klappa Venerus på hvidan kind,
no hev du stai dusten allerkjærasten min,
–du var den, du var den eg hæv tinga i min
Ungdom–.

Melodi og første strofe er etter John
Olson Langerak (1834–1910), Bygland.

Ragnhild: Vokal
Birger: Vokal og vibrafon
Leiv: Akk.gitar og Fender Stratocaster 62
Arr: Furholt, Mistereggen, Solberg

GAMLESTEV

Møyane sittje i Skaalepaden
fyst Brurine dei gang ind,
aa der tar ingjen Ljose bera,
der lyser av Blomekjind.

Der kom eit brudled or Austad sokn
der fyer så kåte drengje
Soli skine på Åraksneset
og yve dei Åraksengje.

Første stevet og steventonen etter Salomon
Larson Haugebirke, Valle (f. 1799, dro til
Amerika i 1868).

Ragnhild: Vokal
Arr: Furholt

MØLLARDOTTERA

Visa om Møllardottera er ein av dei mest populære
skjemteballadane i norsk visetradisjon.

Dei two dei spurte den tredie te Raads
–tromeli rommeli reia–
kost dei sille Myllarens Dottere faa
–udav hæk udav hank kom peneliring
up up udav kok
kom lader os gjøre en Regenskab op
for der sullar en Smed
aa en Snikkar føre meg,
aa saa lær hu–

Dei to dei stapte den tredde i ein sekk
så bar dei den nå den te møllarens bekk.

Å sekkjen den sette dei ve dotterens seng
for rotter å mus sku kje koma i den.

Men då her tog te mørkna i Kvær den krog
då begynte den sekkjen te kruba å gå.

Å kjære mi mamma du tænder et lys
der æ komen ein dævel i myllarens sek.

Å kjære mi mamma du sløkker ljus
dæ va bare ein grå katt han slog ett ei mus.

Han trekte av sæg både spora å hatt
så fubba han myllarens datter i full gallop.

Om morgonen tidleg før sola skjein jus
då sprang kjæringiæ på dammen i fulda bærus.

Myllaren hadde seg en krogette tang
hogg han kjæringiæ i rouæ å trekt' 'u på lann.

Melodien og første strofe skreiv Lindeman ned etter
Gunnstein Grundesson Frøyark (f. 1819 i Tovdal,
død 1877 på Frøyark). Resten av strofene er tatt frå
ein variant etter Torkjeld Asbjørn Tonstad, Suldal.

Ragnhild : Vokal
Birger: Perkusjon
Leiv: Maccaferri-gitar
Arr: Furholt, Mistereggen, Solberg



TORI LANDARU, slåttestev

Tori Landaru dae va ein knabbe Mann
fir aa tjuge rispit Bukka slagta han
trullumma trie
trullumma tro
trie trulutta tro.

Etter Andres Persson Laudal, Bygland (f. 1840,
dro til Amerika i 1893).

Slåttetrallen er laga av Ragnhild Furholt.

Ragnhild: Vokal

Birger: Perkusjon

Arr: Furholt, Mistereggjen

DEN RIKE OG DEN FATTIGE PIGE

Visa er kjent i mange versjonar her til lands,
og også frå Danmark og Sverige.

Der var to Piger i Rosandelund
dei plukkede Blader saa skjöne
den ene hun var saa hjertelig glad
men den andre hun var saa bedrøva.

Den rige hun sa til den fattige saa:
«Hvi er du saa meget bedrøva?
Har du mistet din Far, har du mistet din Mor,
eller haver du mistet din Æra?»

«Nei jeg har ei mistet min Far eller Mor
og Gud bevare min Æra.

Men jeg sørger nu for en fattig Ungersvend,
Som vi begge to haver saa kjæra.»

Den Ungersvend stod ikke langt derifra
og hørte paa de tvende Pigers Tale.

«O, Herre min Gud, saa hjælp mig og sig
hvem av disse to jeg skal tage!»

Saa gikk han da frem fra sit Skjulested
og tok den fattige ved Haanden:

«Og vil du være min saa skal jeg være din
Og saa skal vi leve lykkelig til sammen.»

Men den rige hun sa: «Hvi tog du ei mig
som haver Rigdom og Æra?»

«Nei, Rigdommen er kun en Gave fra Gud;
men Fattigdom det er en Belønning.»

Etter John Olson Langerak (1834–1910), Bygland

Ragnhild: Vokal

Leiv: Mandola

Arr: Furholt, Solberg

HEIM KOM JURINGEN, bånsull

Heim kom Juringen
burte va Fei
ute va Auga
sundslegje Knei
Armen va af
i Aabogs-Leen
Juringen sätte seg te graate.

Etter Kari Persdatter Libak, Bygland (f.1818 i Åseral, drog til Amerika i 1890-åra og er gravlagd ved Bygland kyrkje i Minnesota). Kari var elles den kjelda Lindeman skrev opp mest etter i Setesdal.

Vokal: Ragnhild
Arr: Furholt

HAGBARD OG SIGNE

Visa er opphavleg dansk, og finst bl.a. som «Flyveblad af 1665.» Kongssonens Habbor og Kong Sigvar vil begge ha Signelill. Habbor fortel mor si om ein vakker draum han har hatt om Signelill, og får det svaret at for denne jenta skal han døy. Han lar håret vekse, og kler seg i kvinneklede før han reiser heim til Signelills gard for å lære å sy silkesaum. Han seier han er sendt av Habbor, og at han er vandt til å sove saman med kongens barn. Den falske terna til Signelill blir mistenksam når ho ser kor dårleg den utkleddde kvinnen syr og kor dyktig ho er til å skjere i tre. «Kvinna» drakk også som ein kar og ser på Signelill med djerve auge. Terna reiser til rivalen

Sigvar og avslører Habbor. Sigvar kallar saman alle sine hovmenn, og reiser til Signelills gard for å ta Habbor til fange. Habbor greier å bryte sund alle lenker, men den falske terna veit at dersom eit hår frå Signelill blir lagt om halsen hans, er han for øm til å kunne bryte dette. Den danske kongen prøvde å få stansha henginga av Habbor og brenninga av Signelill då han fekk greie på kor sterkt kjærleiken deira var, men for seint. Den falske terna blei gravd levande i jord.

Habbor unge å Sigvar Kongje
dei ypper seg millom eit Kiv
å de va nu stolt Signelill
ho va so vent eit viv.
–Hvad enten i vinner mig eller ei so ven ei-

«Eg drøynde eg va i Himmerik
der va so fager ein by
eg hadde stolt Signelill i min arm
me fygdest igjenem ei skjy.»

«Ja drøynde du vera i Himmerik
so ska du vinna den mō
men drøynde du falle igjenem ei skjy
so ska du for henne dō.»

Da svarede Habbor Kongens sön:
«Hun er så ven en mō
kunne eg i natt hos henne sove
så ville eg gjerne dō.»

Habbor han lete vekse hår
å kvendeklei skjere
so gjeng han seg i Signelilles går
fy silkesaumen å lære.

De va Sigvar unge bold
lod råbe over all sin går
«Vågner op mine raske hommenn
å trekker harnisken på.»

So toke dei Habbor kongens sön
å la'n i länker ny
men han reiv dei sunde i lette mak
som dei ha vori av bly.

So toke dei Signelills hovudhår
og bandt omkring hans kaand
Nei, for end jeg skal det sønder slide
før vil jeg opplade min aand.

Habbor blei hængd å Signelill brend
de va so ynkelegt mor
siden tok dei den slemme terne
å grov 'a livand i jor.

Etter Svein Hovden (1841–1921), Bykle O.M. Sandvik har teikna ned melodien til denne riddarballaden, og det er gjort fleire nedteikningar av teksten av Torleiv Hanaas og Rikard Berge.

Ragnhild: Vokal
Birger: Perkusjon, vibrafon
Leiv: Fender Stratocaster 62
Arr: Furholt, Mistereggen, Solberg

TORDIVILN

Visa om Tordivelten og flua er ein av dei mest utbreidde skjemteballadane våre. Visa er elles kjend i Sverige, Danmark og Tyskland.

Tordiviln kom der rians i Gaar,
–pirium–,
aa uti sto Fluga aa slo sit Haar,
–piri atter i parium,
dyri dyri darium
kom pirom–.

Du tar inkje slaa dit Haar for meg,
eg agtar inkje aa fri te deg.

Aa du ska deg te Flugeland,
aa hente meg eit Liljevand.

Aa eg kjem mæ dæ Brevebud,
om du vi'kje vera hass unge Brud.

Nei alli kan detti Bryddaup skje,
for han æ fattig aa eg er rik.

Myhanken han slo te Fluga på Kjind,
aa dæ sko du have for Kjæften.

Fluga hu sat aa snippa aa gret
aa naar ska okkos Brydaup skje.

Aa der blei Brag i Brurefær
Tordivelten dandsa mæ dragene Sværd.

Dæ Brudehus dæ va kje stort,
dæ sto burt unde ein Hestelort.

Nedteikna etter Olav Grundeson Aakhus
(1835–1910), Bygland

Ragnhild: Vokal
Birger: Munnharpe og perkusjon
Leiv: G# el-gitar
Arr: Furholt, Mistereggan, Solberg

GAMLESTEV

Der stend ei Bjørk i Landjeis Kleivin
hu runner up mæ Roto
den som tore kvee mot meg
han maa krøke mæ baae Foto.

Der stend ei bjørk i skorto nord
er runni opp med steine,
men vil du stevjast med meg i dag,
då stande du stø på beini.

Der stende ei bjørk i bergen nord,
og vidt så vakse hennes røta,
Og likeso vidt fere karmannshugjen,
fyst han sleppe på føta

Første stevet og steventonen etter Ola
Haavorson Birkeland (1791–1866), Bygland
Ragnhild: Vokal
Arr: Furholt

BISSIRU MIN LITEN TULL, bånsull

Bissiru min liten Sul
gjem e hadde Stua fuld,
Løa Laave fuld a Kunn,
Stua fuld af smaa Baann.

Etter Kari Persdatter Libak, Bygland
(f. 1818 i Åseral, gravlagd i Minnesota).

Ragnhild: Vokal
Leiv: Hardingfele
Arr: Furholt, Solberg

SKUR SKUR SKONDA DEG HEIM TE BAANI, bånsull

Skur skur skonda deg heim te Baani,
Baani lig i Brøndaa
brænne se paa Haandi
Kjyra mi æ kaavsjuk
Kaana mi æ baansjuk
Hesten min æ hellasaar,
Geita mi i Skaaræ fast
aa Bukken dilta længste nor i Heian.

Etter Kari Persdatter Libak, Bygland
(f. 1818 i Åseral)

Ragnhild: Vokal
Leiv: Hardingfele
Arr: Furholt, Solberg

Spelt inn/recorded: på Musikkloftet AS, Oslo i april/mai 2007

Teknikar/technician: Bernt Austad

Miks/mixed by: Bernt Austad, Leiv Solberg

Mastering/mastered by: Fridtjof Lindeman i Strype audio

Produsent/producer: Leiv Solberg

Foto/photo: Kari Løvaas

Layout: Eva Karlsson

Oversetting/translation: Svein Svarverud

For contact and booking: ragnhild.furholt@hit.no

Takk til/With thanks to: Eg vil spesielt takke musikarane Leiv Solberg – som også har vore produsent – og Birger Mistereggan for vakker og energisk musisering, gode ideår og morosame dagar i studio. Takk til lydteknikar Bernt Austad for godt arbeid og fleksible ordningar, takk til Frode Rolandsgard i ta:lik for gode råd og raske tilbakemeldingar, og takk til Eva Karlsson for arbeidet med cover og teksthøfte.

Cd-en er utgitt med økonomisk støtte frå: Lindemans legat, Norsk Kulturråd, Vest-Agder fylkeskommune, Aust-Agder fylkeskommune, Rådet for folkemusikk- og dans, Fou-middel frå Høgskolen i Telemark, Kristiansand spelemannslag og Setesdal spelemannslag.

WITH A SINGLE EXCEPTION, all the tunes on this CD were collected by Ludvig Mathias Lindeman (1812–87). The song *Hagbard og Signe* was transcribed by O.M. Sandvik (1875–1976) after Svein Tveiten from Hovden, Setesdal, in 1919.

I'm delving into the past, trying to uncover the myths and mysteries – that which lies hidden within the old stories and songs. How did people think in the old days, and how is it that the old legends, myths and songs are still alive and meaningful, even today? I think it's very important to unearth old, beautiful, distinctive melodies for these song lyrics that are widely known in other forms throughout Norway and the rest of Scandinavia. Probably a lot of these tunes were discarded in favour of the nystev form that gained influence in Setesdal in the 19th century, and I was delighted to uncover two gammelstev tunes previously unknown to me.

In 1861, L.M. Lindeman traveled with a horse and cart northwards through Setesdal. The previous April the Norwegian parliament had granted him a yearly sum of 300 speciedaler to collect and publish traditional music. Lindeman had previously focused on collecting material for a new book of hymns. During this period, however, researchers both in Norway and throughout Europe were mainly concerned with locating songs of great age. Songs that were traceable to the Middle Ages, the "genuine" folk ballads, were held in high esteem. The idea of an earlier, ideal state – a "Golden Age" – was central to National Romanticism, so it is hardly surprising that many of the medieval ballads are present in Lindeman's collection.

Lindeman collected a total of 166 tunes in Setesdal, meeting several of his sources at a posting inn at Åhus in Bygland. The owner, Daniel Grundeson Åhus (1822–1892), had two brothers who were both singers. "Ludv. M. Lindeman remained at Åhus for some time, making local people sing him old tunes, writing them down and playing them back himself on a kind of organ he had brought with him." (Eivind Danielsson Åhus (1854–1937), *Ættesoge s. 33*), (Roynstrond, Åse 1984: Ludvig Mathias Lindeman. *Samlarferd 1860 og 1861*)

I have attempted to link my performances to living, breathing tradition, using the singing style I learned in Agder as a basis. Even so, a certain amount of guesswork is inevitable when working from transcripts ill-suited to representing the exact pitches and rhythms of traditional music.

Most of the tunes were published with just one verse of lyrics, and so I have had to consult other variants to complete them. Many of the ballads show traces of having originally been written in Danish. It is known that Peder Syv's Danish songbook from 1695, widely known as "The Book of Two Hundred Songs" and "The Giant Songbook", was in common use among traditional singers from the late 18th century onwards. The songs have then been passed on orally, mixing Danish with local dialect. When this mixture is transcribed by a researcher unfamiliar with the dialect, and performed by a singer who grew up somewhere midway between Denmark and Setesdal, the resulting hybrid is bound to be something fabulously, uniquely different.

